

tidsvarsel



i Leikanger. Fylkeshuset lever farleg om Dagmar kjem att med styrke. Ei

onvegkontoret er vonlegvis trygge. Men ein ny Dagmar, med fornya kraft, kan nå over riksveg 55 og opp under Fylkeshuset sin kantinebalkong.

Esso-stasjonen veit alt om dei erfaringane.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no



UTIFELTEN: Professor Helge Drange slår eit slag for eit undervisningsprogram i naturfaga som involverer unge meir direkte i dei avlesbare storleikane ute i naturen som kan vera indikasjonar på klimaet si tilpassing til ein ny røyndom. – Ein må hjelpa elevane til å bli meir nyfrikne, seier klimaforskareren.

– Må motiverast til å bli meir nyfrikne

SOGNDAL: – Fjorden dykkar er eit stort laboratorium, ta det i bruk for læring, seier Helge Drange, og meiner det er fornuftig å introdusera dei unge for nære og avlesbare klimarelevante storleikar.

Klimatilpassing er tidas viktigaste emne, men sørgjeleg lågstatus, også i rekkjene av unge.

Oppdagingslysta

– Dei er ikkje nyfrikne nok, seier professoren, som tilhøyrrer Universitetet i Bergen, men som også er tilknytt Bjerkneseintretet.

Han var ein av fleire deltakarar ved klimakonferansen i Sogndal denne veka og trur det er naudsynt å stimulera dei unges oppdagingslyst.

Vår plass i naturen

Han trur svaret er å fylla naturfaget med feltretta og høgst

praktiske erfaringar.

– Slik kan dei unge lettare få lyst til å forstå meir av vår plass i naturen og kanskje bli meir nyfrikne på korleis naturen er innretta.

Helge Drange tek til orde for at skulane skaffar seg sitt eige feltutstyr, i første omgang kanskje berre ein enkel målestasjon, som kan kjøpast for 12–1500 kroner.

Stimulerer læring

– Fleire skular har ein slik allereie, seier han, og ser at det stimulerer til læring og engasjement i elevrekkejene.

Han seier at registreringar av dette slaget, når dei er avlesne lokalt òg får kontinuitet over seg, er eit unikt supplement til den nasjonale forskinga på klima.

Havforskinga, Meteorologisk institutt og Artsdatabanken står klare til å trekkja på eit slikt unikt materiale.

Hopar seg opp

Helge Drange brukar ein fastsett del av tida si på dette konseptet. Han veit at det ikkje kjem over natta, men han trur det er rett bruk av ressursar. I

dag lærer elevane om klimaet og alle trugsmåla som hopar seg opp utan rett å forstå kva det inneber.

– Behovet ligg på å stimulera modning og refleksjon rundt klimaet og tidlegare leggja til rette for at dei unge forstår betre kva me står overfor.

Skrekkfaktoren

Enkle nedbørsmålalar kan kjøpast på Claes Ohlson og riggast for avlesing på ein høveleg stad.

Professoren minner også om den lange og innhaldsrike fjorden alle skular i Sogn har innan rekkjevidde. Denne byr på ei endelaus rekkje avlesbare parameter som kan vera klimarelevante.

– Mange slike blir verdifull informasjon og absolutt relevant for dei seriøse miljøa, seier han.

Og kanskje kan slik læring medverka til å redusera skrekkfaktoren for naturvitenskaplege fag. – Det kan jamvel bli jobbar ut av det, seier Helge Drange.

6.-10. juli 2016

På flukt! Flight

Førdefestivalen

FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL

“Du trenger ikke være frelst for å dra til Førdefestivalen, du blir frelst av å være der!” Jan Landro, Bergens Tidende

- 5 dagar
- 30 arenaer
- 300 artistar

Billetter på
TicketCo
Events Made Easy

fordefestival.no

